



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato  
19.06.2017  
Dykkar dato  
10.05.2017

Vår referanse  
2015/6232 563  
Dykkar referanse  
15/2028

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Ny tilleggssøknad for bygging av 132 kV kraftleidning frå planlagde Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon i Gulen og Masfjorden kommunar**

Vi viser til ny tilleggssøknad knytt til planlegging av 132 kV kraftline frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune fram til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden. NVE ga konsesjon til bygging av kraftverket i 2013.

Under høyring av tidlegare søknad kom det fram mykje motstand mot trase gjennom Myrdalen, og det ble difor utgreidd nye alternativ (2 og 3) som gjekk lenger vest. Søkjar viser til at det er konflikt også knytt til desse, og legg no fram eit justert alternativ (1a) som går i skogslia lenger vest i Myrdalen. Ein skal nytte H-master med trestolper, med ståltravers og hengeisolatorar. Traseen bli 19,1 km lang. Traseen i Hordaland ligg innanfor nedslagsfeltet til Yndesdalsvassdraget som er varig verna mot kraftutbygging.

Lina som det no vert søkt om går gjennom dalføret, som er viktig for lokalt friluftsområde. Søkjar meiner konsekvensen for bruk av området til friluftsliv er *lite negativt*. Likså er konsekvensar for landskapet i Myrdalen og Lisabrekken – Tangedalsvatnet er vurdert til *lite negativt*.

Lina vil representerer ein betydeleg kollisjonsrisiko for rovfugl, og konsekvensar for rovfugl er sett til *middels negativ*. Som avbøtande tiltak er vurdert å fjerne jordkabel frå lina. Anleggsarbeid skal skje i nært samarbeid med Fylkesmannen.

Tilhøvet til verna vassdrag er omtala ut frå fare for partikkelavrenning til vassdraget, og konsekvensar er ut frå det sett til *intet – lite negativt*.

#### **Fylkesmannens merknader**

Søkjar har no utarbeidd fotomontasje som illustrerer lina når den går gjennom Myrdalen. Vi er samd med søkjar i at nytt alternativ 1a kan synast mindre konfliktfyldt for landskap og friluftsliv enn alternativ 1 som var på høyring i 2016.

Fylkesmannen tilrår synfaring før ein tek stilling til traseval i området. Vi viser til tidlegare merknader i saka.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Tove Kristin Sleire Tistel  
Miljødirektoratet  
Hordaland fylkeskommune  
Masfjorden kommune  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Forum for Natur og Friluftsliv i  
Hordaland v/ Bergen Turlag

Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Postboks 7900	5020	Bergen
Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN